



MØTEBOK

UTVAL: ARBEIDSUTVALET I VILLREINNEMNDA

MØTESTAD: Telefonmøte

DATO: 10.03.2014

TIDSPUNKT: 11:15 – 12:15

FASTE MEDLEMMAR TILSTADES:

Margit Smeland	Leder	ÅMLI
Ola Sukka	Nestleder	SULDAL
Oddmund Ljosland	Medlem	ÅSERAL
Olav Tveita	Medlem	ODDA
Leif Roholdt	Medlem	KVITESEID
Anne Helen Jupskås	Medlem	TOKKE

FASTE MEDLEMMAR IKKJE TILSTADES:

--

VARAMEDLEMMAR:

--

ANDRE:

Tor Punsvik	Asvarleg fylkesmann
Jørn Haug	Sekretær

MERKNADAR TIL SAKSLISTE/INNKALLING:

Ingen merknader.

Åseral, 11. mars 2014

for Arbeidsutvalet i villreinnemnda

Sakliste

Utvalsnr.:	Innhald:	Lukka:
PS 14/5	Referatsaker	
PS 14/6	Uttale til ny søknad om bygging av støyl/driftshytter på Kvikkevolden, Nipavolden og Vårvikje 93/1 Arne Skogheim. Vinje kommune	
PS 14/7	Kommuneplan for Valle 2014 - 2026. Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram. Uttale	
PS 14/8	Eventuelt	



UTTALE TIL NY SØKNAD OM BYGGING AV STØYL/DRIFTSHYTTER PÅ KVIKKEVOLDEN, NIPAVOLDEN OG VÅRVIKJE 93/1 ARNE SKOGHEIM. VINJE KOMMUNE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
L10	2012/722	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/6	Arbeidsutvalet i villreinnemnda	10.03.2014

Vedlegg:

- 1 Søknad
- 2 Notat frå lokal nemndsmedlem Bertin Bjåen

Bakgrunn:

Arbeidsutvalet har tidlegare uttala seg til søknadar om diverse byggetiltak (ombygging/restaurering/tilbygg) på eigedomen 93/1 ved Sæsvatn i Vinje kommune. Det ligg nå føre ein samla søknad for tiltaka slik arbeidsutvalet har oppmoda om tidlegare. Sjå vedlegg 1.

I det følgjande er det gjeven ein oversikt over eksisterande bygningar og nye utbyggingsplanar på Søndre Kvikkevolden, Nipavolden og Vårvikje. Storleik på bygningane er oppgjeven i BTA (bruttoarel, vert målt frå utsida av yttervegg) og BRA (bruksareal, vert målt frå innvendig side av yttervegg):

Søndre Kvikkevolden, øvre bygning.

Situasjonen i dag	Tiltak
Ei halvferdig hytte oppført for 14 år sidan. Storleik 42 m ² BTA	Rive eksisterande bygning og føre opp nytt støyrlshus delvis på gamle murar. Storleik 50 m ² BRA
Eit uthus med storleik 10,7 m ² BTA	Restaurering/tilbygg. Auka storleik til 20 m ² BTA

Søndre Kvikkevolden, nedre bygning

Situasjonen i dag	Tiltak
Ei hytte/sel med storleik 24 m ² BTA. Stor trong for restaurering. Nyttar som fritidsbustad dei seinare åra.	Rive eksisterande bygning. Oppføring av ny med storleik 50 m ² BRA
Eit uthus/sommarfjøs på 19,2 m ² BTA	Restaurering
Gamal grunnmur på 10,4 m ² BTA	Oppføring av ny «grillhytte» på gamal grunnmur. Storleik 10,4 m ² BTA
Eit båthus på 24 m ² BTA	

I tillegg vert det opplyst at det på Søndre Kvikkevolden er tufter/grunnmurar etter diverse typar støyrlshus som ystehus, bekkjehus og grisehus

Nipavolden

Situasjonen i dag	Tiltak
Ei støysbu på 36 m ² BTA. Stor trong for restaurering	Restaurering/tilbygg for å nytte dette som uthus. Storleik 20 m ² BTA. Skal flyttast til tomta der det i dag står eit uthus på 7,2 m ² BTA (sjå neste rad). Bygge ny driftshytte på tomta med storleik 50 m ² BRA
Eit uthus med storleik 7,2 m ² BTA	Rive uthuset
Ein grunnmur etter ystehus, 4 x 4 m	Bygge nytt ystehus på 30 m ² BRA
Ein grunnmur etter uthus, 10 m ²	
To grunnmurar etter uthus/høysel, kvar på 10 m ²	

Vårvikje

Situasjonen i dag	Tiltak
Driftshytte på 47 m ² BYA. Oppført på 60-talet. Trong for ombygging/tilbygg/vedlikehald.	Ombygging og tilbygg til 50 m ² BRA
Uthus på 8 m ² BYA. Oppført på 70 talet.	

Kartet under syner plassane som er omtala i søknaden:



Endringar i ny samla søknad

Ut frå det ein kan sjå av søknaden synast storleiken på de nye bygningane å vera redusert i høve til tidlegare søknadar. På Kvikkevolden og Nipavolden var det tidlegare søkt om storleik mellom 70 – 80 m². Her er det nå søkt om driftshytter med storleik 50 m² BRA. I Vårvikje er storleiken redusert frå 62 m² BYA til 50 m² BYA.

Grunngjeving for tiltaka

Bruk av bygningane er jamfør søknaden knytt til utnytting av utmarksnæringa på eigedomen med utleie av moderne driftshytter i tradisjonell stil. Bygningane skal leigast ut i samband med småviltjakt, reinsjakt og fiske. Grunneigar ønskjer med dette å utvikle potensialet i gardsturisme og opplevingsnæring på garden. I søknaden er det lagt vekt på at dei bygningsmessige tiltaka er tilpassa retningslinjer i Heiplanen knytt til lanbruk/utmarksnæring. Dette definert som støpling, beitebruk, opplevingsnæring, jakt og fiske, videresal av jakt og fiskeprodukt og foredling av fisk. I tillegg ivaretaking av gammalt støyslandschap.

Tidlegare uttalar

Arbeidsutvalet i villreinnemnda har tidlegare uttala seg til delar av dei same utbyggingsplanane. Om utbygging i Vårvikje uttala arbeidsutvalet 7.3.2013:

«Med bakgrunn i at driftshytta er lokalisert tett opp til trekkområde mellom aust og vestheia, samt i område med vinterbeite, gir villreinnemnda råd om at det ikkje bør gjevast løyve til utviding av eksisterande bygningsmasse på driftshytte i Vårvikje, gnr. 93, bnr.1 i Vinje kommune.

Villreinnemnda gir råd om at alle byggesaker i området knytt til dette bruket vert vurdert i samanheng, jamfør signal frå søkar om at det vil koma fleire byggesøknadar i nær framtid.»

27.4.2012 uttala arbeidsutvalet seg til søknad om utbygging/utviding av dei to støylane på Kvikkevolden:

«Villreinnemnda mener at utbygging/ utvidelse på de to støylene på nordsida, Øvre og Nedre Kvikkevollen, vil være problematiske mht. villreinhensyn. Dette sett i sammenheng med den kartfesta trekksone nord for Sæsvatn som ligger i et av fokusområdene (trekksone 2) i Heiplanen, og ikke minst GPS-rapportens tilrådning om å skåne dette området for videre utbygging, siden dette pr. i dag ansees som det viktigste området for trekk øst-vest.

Nemnda går derfor i mot at det tillates utvidelser på disse støylene, men restaurering av eksisterende bygg vil nemndra ikke motsette seg»


For Nipavolden uttala arbeidsutvalet 27.4.2012 følgjande:


«Når det gjelder Nipavollen ser villreinnemnda noe mer lempelig på søknaden, men mener det da må være snakk om en reell restaurering med eventuell utvidelse av støylen innen kommunens rammer for dette, og at det derfor ikke må tillates å bygge ny stor hytte (75-80m²) som det søkes om»

Status for villreinen sin bruk av områda

Kartutsnittet under er henta frå Heiplanen der området ligg i omsynssone nasjonalt villreinområde. I nord-aust synast omsynssone trekk. I luftline er det om lag 1 km. frå trekkområdet til Vårvikje.

Kartutsnitt lenger ned er henta frå www.dyreposisjoner.no og syner GSP-posisjonar frå merka dyr frå 2008 og fram til i dag.





Områda kring Sæsvatn er og særskilt viktige som vinterbeiteområde for villrein. Tilbakemelding frå SNO er at områda rundt Sæsvatn og Sæsnuten er eit av dei viktigaste vinterbeita nord for Blåsjø. Områda er eit av dei få der det finnast beite i form av lav og dyr trekk opp i desse områda kvart år. Når det gjeld trekkkorridoren nord for Sæsvatn uttalar SNO at dette truleg er den viktigaste korridoren som er att med tanke på trekk aust-vest. Årleg går det dyr over her sjølv om det har vore mindre dei siste åra.

Det bør elles nemnast at sekretær har vore i kontakt med lokal nemndsmedlem under førebuing av saka. Tilrådinga her er at tiltaka som det vert søkt om må kunne godkjennast. Sjå vedlegg 2.

Vurdering:

Det er positivt at det nå ligg føre ein samla søknad for byggetiltaka i området slik at det kan gjerast ei heilskapleg vurdering av saka. Vidare er det i søknaden gjeve ein omfattande grunngjeving og beskriving av utbyggingsplanane inkludert bruken det vert lagt opp til. Som tidlegare nemnd er og storleiken på bygningane redusert i høve til tidlegare søknadar.

Saka har ei viktig prinsipiell side i høve til kva bygningar/tiltak som kan tillatast i samband med landbruks- og utmarksnærings. Ei vid tolking av dette kan gje opning for ei rekke bygningsmessige tiltak andre stader i heia. Tradisjonelt har bygningar i LNF-område vore knytt til bygningar som er naudsynte for utøving av tradisjonell landbruksnærings, og der det gjerne har vore ein føresetnad med dyrehald på garden. I Heiplanen (kap. 2.10.1) synast dette å vera utvida ved at det og kan førast opp bygningar knytt til vidaresal av jakt og fiskeprodukt. Retningslinene er likevel ikkje eintydige da det går fram at et skal vera «*i samsvar med gjeldande forståing av utmarksnæringer*»

Vesentleg i denne samanheng er og kva Heiplanen elles gir av retningslinjer for bygningar knytt til utmarksnærings. Av kap. 2.10.1 går det fram at «*Det skal legges spesiell vekt på å unngå virksomhet, aktivitet og forstyrrelser i vinterbeiteområder, kalvingsområder og viktige trekkområder...*», «*Det skal*

heller ikkje tillates byggevirksomhet som forringer villreinens bruksmuligheter av disse områdene.» For bygg i utmarksnæringsnære går det av kapittel 2.10.1 fram at «Lokalisering av alle nye bygg skal skje i minst mogleg konflikt med villreinens arealbruk etter vurderinger basert på oppdatert kunnskap i samsvar med plan.»

Kort summert opp verkar Heiplanen å gi ein vidare definisjon av bygg i landbruks- utmarksnæringsnære enn det som har vore tidlegare praksis. Vesentleg er likevel at det i Heiplanen vert føreset at tiltaket ikkje er til skade for villreinen sin bruk av områda.

Det problematiske i høve til villrein i første rekke er knytt til den auka bruken av områda som ei utbygging førar med seg. Storleik, standard og type bygning er difor eit moment i saka. Det bør i den samanheng nemnast at retningslinene i Heiplanen i høve til storleik på bygningar (50 m^2 BRA) er maksimal storleik. I denne saka er det omsyn som talar for å tillate bygningar med redusert storleik.

Ut frå områda sin viktigkeit for villrein (vinterbeite og trekk) er det naudsynt med ein restriktiv haldning til byggetiltak kring Sæsvatn. Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak utover det å sette i stand bygningar som står i dag. Ved istandsetting må det vera ein føresetnad at det ikkje vert ei bruksendring av bygningen, til dømes frå fjøs/uthus til bygg for overnatting, eller at storleik vert auka. Nybygg må bare vera tillate der dette er til erstatning for bygning som vert riven, og maksimalt med tilsvarende storleik og bruk. Eventuelle nybygg må og førast opp på rivingstomt eller nær opp til denne. Ei avgrensing på storleik som nemnd over er og i tråd med tidlegare uttaler frå arbeidsutvalet.

Framlegg til uttale:

Arbeidsutvalet syner til samla søknad for byggetiltak på søndre Kvikkevolden, Nipavolden og Vårvikje ved Sæsvatn i Vinje kommune. Arbeidsutvalet meiner det er trong for ein restriktiv haldning til byggetiltak kring Sæsvatn. Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak utover det å sette i stand bygningar som står i dag. Ved istandsetting må det vera ein føresetnad at det ikkje vert ei bruksendring av bygningen, til dømes frå fjøs/uthus til bygg for overnatting, eller at storleik vert auka. Nybygg må bare vera tillate der dette er til erstatning for bygning som vert riven, og maksimalt med tilsvarende storleik og bruk. Eventuelle nybygg må og førast opp på rivingstomt eller nær opp til denne.

Til grunn for tilrådinga legg arbeidsutvalet vekt på området sin viktigkeit som vinterbeite for villrein, der auka aktivitet knytt til monaleg auka bygningsmasse kan verka negativt inn på villreinen sin bruksmoglegheit av områda. Arbeidsutvalet syner her til Heiplanen kap. 2.10.1 tredje prikkpunkt. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at dei omsøkte tiltaka er lokalisert nær opp til viktig trekkområde for villrein mellom aust og vestheia. Ei avgrensing på storleik som nemnd over er og i tråd med tidlegare uttaler frå arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet syner elles til vurderingar i saksframstillinga.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 10.03.2014

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Arbeidsutvalet syner til samla søknad for byggetiltak på søndre Kvikkevolden, Nipavolden og Vårvikje ved Sæsvatn i Vinje kommune. Arbeidsutvalet meiner det er trong for ein restriktiv haldning til byggetiltak kring Sæsvatn. Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak utover det å sette i stand bygningar som står i dag. Ved istandsetting må det vera ein føresetnad at det ikkje vert ei bruksendring av bygningen, til dømes frå fjøs/uthus til bygg for overnatting, eller at storleik vert auka. Nybygg må bare vera tillate der dette er til erstatning for bygning som vert riven, og maksimalt med tilsvarende storleik og bruk. Eventuelle nybygg må og førast opp på rivingstomt eller nær opp til denne.

Til grunn for tilrådinga legg arbeidsutvalet vekt på området sin viktigheit som vinterbeite for villrein, der auka aktivitet knytt til monaleg auka bygningsmasse kan verka negativt inn på villreinen sin bruksmogleheit av områda. Arbeidsutvalet syner her til Heiplanen kap. 2.10.1 tredje prikkpunkt. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at dei omsøkte tiltaka er lokalisert nær opp til viktig trekkområde for villrein mellom aust og vestheia. Ei avgrensing på storleik som nemnd over er og i tråd med tidlegare uttaler frå arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet syner elles til vurderingar i saksframstillinga.

Kopi til:

Vinje kommune
Fylkesmannen i Telemark
Telemark Fylkeskommune



KOMMUNEPLAN FOR VALLE 2014 - 2026. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV PLANPROGRAM. UTTALE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
L10	2012/657	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/7	Arbeidsutvalet i villreinnemnda	10.03.2014

Vedlegg:

- 1 Kommuneplan for Valle 2014-2026. Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram.
- 2 Planpropgram og høyringsforslag

Bakgrunn:

Valle kommune har varsla oppstart av planarbeid for revidering av kommuneplanen, arealdelen og samfunnssdelen. Det er utarbeida eit planprogram for planarbeidet. Sjå vedlegg 1-2. Frist for uttale til planprogrammet er 15. april. Frist for innspel til planarbeidet er 1. august.

Følgjande tema /innhald i planprogrammet synast særleg aktuelt i høve til villreininteressene:

- Gjeldande kommuneplan vart vedteken i 2006. Det er utarbeida ein eigen kommunedelplan for Bjørnevatn vedteken i 2008. Hovudgrepa frå gjeldande arealplanar skal vidareførast.
- Vurdere nye og eksisterande hytteområde for å vidareutvikle Valle som ein turistdestinasjon. Særleg skal det sjåast på hytteområda ved Brokke og Bjørnevatn.
- Innarbeide Heiplanen i arealdelen av kommuneplanen
- Utarbeida sti- og løypeplan for kanalisering av ferdsel. I høve til villrein er styring av vinterferdsel særleg viktig.

Som føring ved utarbeiding av samfunnssdelen går det fram at kommunen vil ha eit særleg fokus mellom anna på fylkesveg 337 frå Brokke til Suleskar, evt. «Heilårsveg Brokke – Suleskar», samt fylkesveg 45 frå Valle til Åmot. Det vert i den samanheng synt til rapport frå Sørlandsutvalget i 2013. I rapporten vert det foreslått å sette i gong ei utgreiing om mogleg ny og kortare stamveg frå Oslo til Stavanger via Setesdal og Sirdal. I planprogrammet er det ikkje nærmare konkretisert kva utgreiingsarbeid som skal settast i gong for nemnde vegstrekningar.

Vurdering:

Valle er ein særslig sentral «villreinkommune» med areal både i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde. Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste overordna styringsverktøy og den legg føringer for arealbruken i åra framover.

Merknad til planprogrammet.

Planprogrammet kunne med fordel vore meir konkret i høve til korleis kommunen ser føre seg vidare utvikling av eksisterande og nye hytteområde. Dette hadde gjort det enklare å gi meir konkrete innspel til planarbeidet. Sekretær syner her til *Plan- og bygningslova § 4-1* der det går fram at det i planprogrammet skal gjerst greie for kva alternativ som vil bli vurdert. Vidare § 6 i *Forskrift om konsekvensutgreiing* der krav til innhald i utgreiingsprogram er omtala nærmare.

I kap. 4.2 i planprogrammet er det gjort ei opplisting av dei tema som skal greiast ut i konsekvensutgreiinga som skal følgje planen. Biologisk mangfold er nemnd, men ut frå Valle kommune sin sentrale plassering i to villreinområde vert det gjeven råd om at omsyn og konsekvensar for villrein vert nemnd spesielt som tema for utgreiing. Konsekvensutgreiinga må og ta for seg verknaden av dei *samla arealbruksendringane*, jamfør nemnde forskrift § 9. Planforslaget må og vurderast etter naturmangfoldlova § 8-12 der vurderingar knytt til *samla belastning* og *føre-var-prinsippet* vil vera viktige.

I planprogrammet vert det lagt til grunn at utgreiingar skal byggje på eksisterande kunnskap. Særleg bør nemnast NINA-rapport 694 (*Villreinens bruk av Setesdalsheiene. Sluttrapport frå GPS-merkeprosjektet 2006 – 2010*). På vestheia vart det i 2013 sett i gang et nytt villreinprosjekt og kunnskap frå dette vil og vera relevant for kommuneplanarbeidet og utgreiingar som skal gjerast. NINA-rapport 932 (*Ferdsel i Snøhettaområdet*) kan og vera relevant i denne samanheng.

Innspel til planarbeidet

Tilhøvet til Heiplanen og bruk av omsynssoner

Valle kommune legg opp til at Heiplanen skal innarbeidast i arealdelen av kommuneplanen.


Omsynssone nasjonalt villreinområde, omsynssone villrein og omsynssone trekkområde må synast som omsynssoner i kommuneplankartet med bestemmingar i tråd med retningslinene gjeven i Heiplanen. Sekretær syner og til Heiplanen kap. 2.10 der interessekonfliktar i høve til villrein skal avklarast gjennom konsekvensutgreiing.

Særskilt om områda ved Bjørnevatn


Områda ved Bjørnevatn er sentrale i høve til årstidstrekket frå vinterbeiteområda i nord til kalving- og sommarbeite i sør. Trekket skjer relativt avgrensa i tid vår og haust. I NINA-rapport 694, kap. 4.4.2 er dette omtala nærmare. Her går det fram at villreinen kryssar Rv 45 og vassdraget gjennom heile dalføret men med ein tydleg konsentrasjon i eit område som strekk seg frå Langemyråsen til vestre endre av Store Bjørnevatn (område 3 og 4 i NINA-rapport). I nemnde rapport kap. 5.2.5 er det peika på at aust-vest aksen over Bjørnevatn er eit monaleg konfliktområde mellom utbyggingsinteresser og villrein, der området vurderast å vera ved ei kritisk grense for kva som vert tåla av ny utbygging.

Ivaretaking av årstidstrekket i Bjørnevatområdet må gjevast ei særleg merksemd ved revidering av kommuneplanen. Auka ferdsel i området som følgje av nye hytteeininger og auka standar på desse er i den samanheng problematisk. I gjeldande kommunedelplan ligg det eksisterande og framtidige hytteområde mellom Store Bjørnevatn og Lisle Bjørnevatn. Kommunen vert oppmoda om å vurdere omfanget av denne utbygginga da området ligg sentralt i høve til trekk.

Kartutsnittet lenger ned syner status for området jfr. Heiplanen. I tillegg er det teken inn eit utsnitt av eksisterande kommunedelplan for området.




Kartutsnitt Bjørnevatnområdet, jfr. Heiplanen. Henta fra planinnsyn, Valle kommune



Kartutsnitt kommunedelplan for Bjørnevatn. Henta fra planinnsyn, Valle kommune

Særskilt om områda i Brokke

I planarbeidet vert det lagt opp til å vurdere nye og eksisterande hytteområde i Brokke. Området ligg jfr. Heiplanen som bygdeutviklingssone. Sjå kartutsnitt under. Ved vidare tilrettelegging av hytter i dette området er det viktig å styre og kanalisere ferdsel vekk frå meir sentrale villreinområde.



Kartutsnitt Brokke. Henta frå planinnsyn, Valle kommune

Sti- og løypeplan

Utarbeiding av sti- og løypeplan er eit sentralt grep i Heiplanen, og det er positivt at kommunen legg opp til utarbeiding av dette. Det er vesentleg at ein slik plan kjem på plass i forkant av ny utbygging og det bør knytast rekkefølgjekrav til etablering/opparbeiding av løypene. Ved utarbeiding av sti- og løypeplan må det først vurderast til *kva område* ferdsla bør styrast. I neste omgang kva tilrettelegging som må på plass for å kanalisera ferdsla i ønskja retning/område. Utover dette syner sekretær til retningsliner for sti- og løypeplanar gjeven i Heiplanen kap. 2.10.1.

Avløysing av disposisjonsplanar

I Valle gjeld framleis ei rekke eldre disposisjonsplanar. Til dømes i Evardalen og ved Bjørnevatn. Disposisjonsplanane bør avløysast av kommuneplanen/kommunedelplanen ved at områda vert lagt ut som spreidd bygging i LNF-område eller som ordinære byggområde med tilhøyrande bestemmingar. I område der det kan vera konflikt i høve til villrein vert kommunen oppmoda om ta ut tomter der utbygging ikkje er gjennomført.

Veg Brokke - Suleskar

Ut frå GPS-registreringar (NINA-rapport 694) er det dokumentert viktigheita av områda kring Brokke – Suleskarvegen som vinterbeite/beite seint haust, for villrein. Det synast og å vera ein rimeleg samanheng mellom trekk av villrein sørover og rutinar for vinterstenging av vegen.

Av planprogrammet er det noko uklart på kva måte det skal arbeidast vidare med Fv 337 Brokke – Suleskar. Endra opningssregime for denne vegen må vera under føresetnad tilhøvet for villreinen vert betra, til dømes ved etablering av tunnel på ein monaleg del av vegstrekninga. Utover dette syner sekretær til pågående «nytt villreinprosjekt» der arbeidsgruppe 2 har eit særskilt fokus på denne vegstrekninga.

Bygg i landbruksnærings

I Heiplanen er det gjeven ei nærmare definering av bygningar i landbruks- og utmarksnærings (kap. 2.10.1). Definisjonen verkar å vera noko vidare en tradisjonell forståing av bygg i landbruksnærings. For å gjera handtering av einskilde sakar føreseieleg vert kommunen oppmoda om å utdjupe temaet i eigne retningsliner i kommuneplanen. Ut frå villreinomssyn kan det vare trøng for å differensiere retningslinene i bygdeutviklingssone og omsynssonene villrein og nasjonalt villreinområde.

Framlegg til uttale:

Arbeidsutvalet syner til planprogram og melding om revidering av kommuneplanen for Valle. Arbeidsutvalet er nøgd med at det i planprogrammet er gjeven klare føringer for innarbeiding av Heiplanen i kommuneplanen.

For merknadar knytt til planprogrammet syner arbeidsutvalet til saksutgreiinga.

Arbeidsutvalet har innspel til planarbeidet. Desse er knytt til følgjande forhold:

- *Tilhøvet til Heiplanen og bruk av omsynssoner*
- *Arealdisponering av områda i Brokke og ved Bjørnevatin*
- *Utarbeiding av sti- og løypeplan*
- *Avløysing av disposisjonsplanar*
- *Fv 337 Brokke – Suleskar*
- *Bygg i landbruksnærings*

For utdjuping av nemnde tema syner arbeidsutvalet til saksutgreiinga.

Arbeidsutvalet ser fram til ein god dialog underveis i planprosessen.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 10.03.2014

Konsekvensane for villrein ved vidare hytteutbygging i Bjørnevatområdet må greiast ut. Denne må ta for seg både konsekvensar for årstidstrekket og konsekvensar for villreinstammen om trekket vert broten.

Fylgjande uttale vart samrøsytes vedteke:

Uttale:

Arbeidsutvalet syner til planprogram og melding om revidering av kommuneplanen for Valle. Arbeidsutvalet er nøgd med at det i planprogrammet er gjeven klare føringer for innarbeiding av Heiplanen i kommuneplanen.

For merknadar knytt til planprogrammet syner arbeidsutvalet til saksutgreiinga. Konsekvensane for villrein ved vidare hytteutbygging i Bjørnevatområdet må greiast ut. Denne må ta for seg konsekvensar for årstidstrekket og konsekvensar for villreinstammen om trekket vert broten.

Arbeidsutvalet har innspel til planarbeidet. Desse er knytt til følgjande forhold:

- *Tilhøvet til Heiplanen og bruk av omsynssoner*
- *Arealdisponering av områda i Brokke og ved Bjørnevatn*
- *Utarbeiding av sti- og løypeplan*
- *Avløysing av disposisjonsplanar*
- *Fv 337 Brokke – Suleskar*
- *Bygg i landbruksnærings*

For utdjuping av nemnde tema syner arbeidsutvalet til saksutgreiinga.

Arbeidsutvalet ser fram til ein god dialog undervegs i planprosessen.

Kopi til:

Valle kommune
Fylkesmannen i Aust-Agder
Aust-Agder fylkeskommune



EVENTUELTT

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
C83	2014/11	Jørn Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/8	Arbeidsutvalet i villreinnemnda	10.03.2014

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 10.03.2014

Høyring av Reguleringsplan for massetak i Skaret, Sirdal kommune:

Sekretær informerte om høyring av nemnde plan.

Er i tråd med kommunedelplanen for Ådneram men ligg i nasjonalt villreinområde.

Sekretær sender merknad der det vert beden om at drift i massetaket ikkje bør skje i den perioden vegen Brokke – Suleskar er stengt (1/11 – 20/5).

Oppstart av kommuneplanarbeid i Gjesdal:

Sekretær sender merknad om at det ved planlegging/utbygging av hytteområder mv. inn mot verneområdet må det utarbeidast sti- og løypeplan i tråd med føringar gjeven i Heiplanen. Elles inga merknad til planarbeidet

Høyring av forvaltningsplan for verneområda:

Eit formelt høyringsforslag er ikkje klart før etter vårmøtet i nemnda. Ei praktisk løysing er at Alf Odden (verneområdeforvaltar SVR) informerer om forslaget i møtet og at sekretær utarbeidar eit høyringsutkast som kan sirkulere på mail til nemndsmedlemmane. I vårmøtet må det settast av god tid til drøfting i nemnda.

E 134 Tunnel over Haukelifjell:

Sekretær venter tilbakemelding vedk. møtedato for møte med Statens Vegvesen region vest.

Aktuelle deltakarar er også Fylkesmannen i Hordaland og Telemark, Hordaland

Fylkeskommune v/Rødseth, villreinnemnda for HV, samt Olav Strand (NINA)

Frå nemnda i Setesdalsområdet stiller leiar, Olav Tveita og sekretær.

Vårmøtet i villreinnemnda:

Arbeidsutvalet møter til lunsj 1. april. Må har god tid til drøfting/presentasjon av bestandsplan for SR mv ettermiddag/kveld 1. april.

Vårmøtet vert på Sølvgarden hotell på Rysstad.

Fagdag 4 -5 juni, Øyer:

Villreinrådet i samarbeid med Miljødirektoratet arrangerer fagdager om villrein og ferdsel.

Nemnda bør være representert i tillegg til laga.